

Årsmelding 2025 - Eresfjord Bygdelag

Styret i 2025 har vore:

Leiar	Bjarte Rød (på val)
Styremedlem /kasserar	Per Even Oppsal (på val)
Styremedlem	Ingrid Husby Angvik (på val)
Styremedlem	Tore Rød
Styremedlem	Trym Kjøs
Varamedlemmar	Karoline Øverås og Marthe Steinsvoll (begge på val)
Valnemd	Lasse Kristiansen, Lene Roti og Turid Øverås (på val)

Styret har hatt to fysiske møte. I tillegg har styret kommunisert og arbeid elektronisk med høyringsuttalar m.m.

Aktivitet i 2025

Høyringsuttalar

Eresfjord Bygdelag har i 2025 kome med høyringsuttalar i følgande saker:

- Høyringsuttale – Forslag til tiltaksplanar etter kvalitetsnormen for villrein i Knutshø, Snøhetta og Rondane villreinområde
- Innspel til kommuneplanens arealdel, Molde kommune, med bakgrunn i bygdemøte 15.12.2025

Kommuneplanens arealdel

Molde kommune er i gang med arbeidet med kommuneplanens arealdel, som er ei overordna plan for disponering av kommunens areal. Plana skal i utgangspunktet gjelde fram til 2040, og den legg sterke føringar på korleis vi kan disponere areal i bygda og nærområda dei neste 15-20 åra.

15. desember 2025 arrangerte bygdelaget eit bygdemøte med dette som tema. Molde kommune v/planavdeling stilte på møtet for å orientere om arbeidet. Innleiingsvis vart det kort orientert om planarbeidet, og så vart det sett på konkrete moglegheiter og problemstillingar for Eresfjord. Om lag 30 stk. frå bygda hadde møtt opp. Med bakgrunn i diskusjonane i møtet, vart det sendt inn eit innspel til kommunen innan høyringsfristen 31.12.2025.

Nye vedtekter for bygdelaget og registrering i einingsregisteret

Eresfjord Grendalag vart stifta på folkemøte i 1973. Namnet Eresfjord Grendalag vart endra til Eresfjord Bygdelag 8. februar 2011, men laget har ikkje vore registrert i einingsregisteret. I 2025 vart derfor nye vedtekter foreslått. Dei nye vedtektene vart vedtatt på årsmøte/stiftelsesmøte 20.5.2025. Eresfjord Bygdelag er dermed offisielt stifta. Laget vart registrert i einingsregisteret i 2025 (org.nr.: 936 200 109).

Sysselbyda Eresfjord-prosjektet

Bygdelaget avslutta offisielt sitt engasjement i prosjektet i 2025. Bygdelaget rettar ein stor takk til Stig Arild Arvesen og Kurt Asle Arvesen med fleire for vidareføring av prosjektet.

Målsetting og plan for 2026

- Arrangere bygdemøter om aktuelle problemstillingar, som t.d. knytt til arealplan, bustad- og bygdemobiliseringsprosjekt
- Vedta mandat og etablere prosjektgruppe for bustadprosjekt i bygda
- Søke om midlar og tilskot til gode formål for bygda, t.d. forprosjekt (bustadar)
- Skape og legge til rette for fleire sosiale møteplassar i bygda
- Komme med konstruktive innspel og uttalar i saker som vedkjem bygda

Eresfjord, 10. juni 2026

Vedtatt på årsmøte